

Ingunn Elise Myklebust
Sigrid Eskeland Schütz

Bergen 26.03.2013

Rapport forskningsbasert undervisning, spesialemner: JUS265-2-A Planrett og JUR640 Planrett

JUS265-2-A Planrett (spesialemerne) har felles førelesingar i haustsemesteret og tilbod om gruppeundervisning med kurset JUR640 Planrett (etterutdanning), og vi har difor utarbeidd felles rapport for emna. Myklebust har kurs- og koordineringsansvar for begge kursa, men både Myklebust og Schütz har kursansvaret for begge kursa.

Vurdering av gjennomføring:

A) Praktisk gjennomføring

JUR 640 har til saman 9 undervisningsdagar. JUS 262-2-A har 6 undervisningsdagar, som altså alle er felles med JUR 640. Kurset vert gjennomført ved førelesingar og gruppearbeid.

Kvar undervisningsdag består av mellom 3 og 4 førelesingstimar. I kursa deltek førelesarar frå fakultetet, men også fleire eksterne. Kven som føreles om dei ulike emne varierer noko frå år til år. Samarbeidet mellom oss kursansvarlege og eksterne førelesarar (advokatar og flinke juristar frå forvaltninga) fungerer godt, og samarbeidet har nytteverdi både i samband med den konkrete undervisninga og koordinering her, men også nyttig for forskning og nettverksbygging.

Kvar undervisningsdag (9/6) løyser vi ei gruppeoppgåve. Studentane får prøve seg på å løyse eksamensrelevante praktikumsoppgåver i mindre grupper, som så vert gått igjennom i fellesskap. Fellesskapet mellom jusstudentar og etterutdanningsstudentar sikrar ei god utveksling mellom teoretisk tilnærming og innspel frå studentar med praktisk erfaring.

JUR 640 Studentane har obligatorisk prøve etter vårseksjonen (før dei møter jusstudentane til undervisninga som går om hausten)

JUR 640 og JUS 265-2-A avsluttar kurset med ein 4 timars skule eksamen (haust).

Kurset vert førebudd og avvikla i tett samarbeid med administrasjonen. Det er først i år at fakultetet har det *fulle* ansvaret for JUR 640, så det har – naturleg nok – oppstått ein del spørsmål om kva som er rammene for kurset, arbeidsfordeling mellom EVU og fakultetet, og mellom administrasjon og kursansvarleg. Som kursansvarlege opplever vi likevel no at samarbeidet om desse spørsmåla fungerer godt. Vi har ein løpande dialog med administrasjonen, der gjerne begge «partar» må leggje ned noko meir arbeid i så måte enn andre kurs p.g.a den samansette studentgruppa.

B-C) Strykprosent, fråfall og karakterfordeling

Strykprosent, fråfall og karakterfordeling, er innanfor det normale.

D) Studieinformasjon og dokumentasjon

JUS265-2-A kurset er gitt informasjon på nettet, og elles på same måte som andre spesialmerne. I høve til JUR640 var det inntil i år EVU som hadde ansvar for særleg studentinformasjon/reklame for dette kurset, men slik at dette i år har vore føreteke av fakultetet. Det er viktig at informasjon om JUR 640 vert gitt ut i fleire kanalar, slik at vi sikrar studentar til dette kurset.

E) Tilgang til relevant litteratur

Studentane får tilgang til lærebøkene gjennom Studia, og til artiklane gjennom Gyldendal rettsdata. Det er ikkje motteke noko informasjon som kan tyde på at tilgangen til pensum eller tillegglitteratur er vanskeleg.

Vurdering av rammevilkår:

A) Lokal og undervisingsutstyr

I eit kurs som har både etterutdanningstudentar og jusstudentar, og som har både førelesingar og gruppearbeid, er det viktig å ha eigna lokale både for dette føremålet. I løpet av ein undervisingsdag treng vi både ein eigna førelesingssal (gjerne ein mindre), samt tre/fire grupperom som bør ligge nær einannan, slik at kursansvarleg kan gå rundt i dei ulike gruppene. Dei siste åra har vi nytta både lokalar både ved fakultetet og ved Vil Vite.

Lokala på Vil Vite har vore svært godt eigna til denne undervisingsforma, men MatNat har no prioritet på lokala. Ved bruk av lokalar på fakultetet har vi opplevd at studentane på etterutdanningskurset «går seg vill» i korridorane. Ved bruk av fleire ulike grupperom til ulike undervisningsdatoar osb. kan det også vere vanskeleg å miste oversikt. Det må likevel vere fullt mogeleg å få til eit brukbart undervisingsopplegg også på fakultetet med god merking og førelesingsrom/grupperom som er tilpassa undervisingsforma. Siktemålet no er å samle undervisninga i Juss II, første etg.

Undervisingsutstyret har elles fungert godt.

Oppfølging av evalueringa frå i fjord

Ved vedtak i SU dat. 07.03.13 har alle studentar fått tilgang til oppgåvekurset. Oppgåvekurset er frivillig for juss-studentar.

Forslag til forbetringstiltak

I vår har vi hatt eit tett med administrasjonen for m.a. å sikre godt samarbeid om planrettskurset, og får å sikre m.a. eigna lokalar. Det kan også nemnast at administrasjonen i år har laga betre informasjon om tilgjengeleg undervisningsmateriale på Mi Side, med m.a. samling av tidlegare gitte eksamensoppgåver.

Med dei tiltaka som alt er gjort i førebuingar til året kurs, meiner vi å vere rimeleg godt budde til kursstart.

Eit forbetringstiltak som kan nemnast særskilt er samling av kurset i Juss II, alle dagar, og merking av kurslokala.

Eit forbetringspotensiale ligg også i pensumsituasjonen. Bøkene til Pedersen m.fl. som er brukt i kurset inneheld for mykje stoff i høve til det vi rekk å prioritere i dette kurset. Her planlegg vi også å lage eit tilpassa lærebok for kurset. Dette er eit langtidsprosjekt.

Mvh

Ingunn Elise Myklebust og Sigrid E Schütz